

# - Må eg flytte, reiser eg heim til Lavikdalen! eg heim til Lavikdalen!

- Må eg flytte, reiser eg heim til Lavikdalen. Det blir ikkje nokon Høyanger-tur på meg! kom det bestemt frå 98 år gamle Bertina Hjelmeland under folkemøtet i Lavik tysdag kveld. Bygdefolket sa massivt nei til nedlegging av sjukeheimen.

ST) BJARTE BRÅSK ERIKSEN

Flere hundre personar møtte fram på folkemøtet. Det var så trangt om plassen at mange måtte stå i gangar, korridorar og trappar. Inne i møtesalen på Lavik helse- og sosialsenter måtte kommunepolitikarane stå til ansvar for ei svært engasjert forsamling. Bertina Hjelmeland var ikkje berre den eldste, men og den ivrigaste. Ho varsla tidleg kva ho meinte, og med eitt stod ho på talarstolen og tordna mot politikarane.

## Stormande applaus

- Eg har budd på sjukeheimen i to år. Her har eg det fint. No er eg så gammal at eg snart ligg i grava. Det blir eit sagn for bygda å misse sjukeheimen. Det blir problematisk å måtte køyre heilt inn til Høyanger, sa Hjelmeland som heller vil reise heim til Lavikdalen enn å flytte på sjukeheim i Høyanger.

Den 98 år gamle kvinna fekk stormande applaus for innlegget sitt.

**Bertina (98)**

**vil ikkje på**

**Høyanger-tur**



Bertina Hjelmeland (98) var den eldste på folkemøtet og sa greit frå til politikarane at ho ikkje vil flytte til Høyanger. Til venstre to tilsette ved sjukeheimen: Torunn Styve Hjelmeland og styrrar Inger af Geijerstam.

## Fråsegn

Folkemøtet vedtok ei fråsegn der dei protesterer på nedlegginga. I denne blir det peika på at noverande modell for pleie- og omsorgstenesta i Lavik er ideell. Den omfattar tenester på fire ulike nivå: For dei som bur heime, for dei som bur i eldrebustader, for dei som bur i omsorgsbustader og for dei som bur på sjukeheimen. Med denne modellen får alle i Lavik eit omsorgstilbod. Folkemøtet meiner sjukeheimen er hjørnesteinen i dette.

## Redde

Torunn Styve Hjelmeland, ein av dei tilsette, heldt eit engasjert innlegg der ho fortalde om at dei eldre har fått psykisk belastning.

– Dei eldre er redde, engstelege. Kva skjer med meg, korleis skal dette gå? Det er vald mot pasientane å legge ned sjukeheimen. Høyanger kommune har vedteke å innføre to områdemodellar for omsorgstenesta. Det rimer ikkje at det ikkje skal vere institusjon i den eine, mens det skal vere to i den andre. Er de politikarar viljuge til å gje dei eldre ein verdig alderdom? spurde Styve Hjelmeland.

## Eit lite håp

Ordførar Kjartan Longva kunne ikkje delta på folkemøtet då han er på fylkestinget, men han sende varaordførar Ingrid Heggø i staden. Ho endra ikkje syn, men kom med dei kjende argumenta for nedlegging: Dårleg økonomi, mykje pengar å spare på nedleg-

ging og at det er behov for å bygge ut open omsorg i Lavik. Mellom anna treng 10 personar eit betre tilbod enn dei får i dag.

Men Heggø peika og på at det er tungt og vanskeleg å flytte på eldre og ho gav bygdefolket eit lite håp i at representantskapen i Høyanger Arbeidarparti skal behandle saka måndag 18. desember. Avgjerda der vil ha mykje å seie for utfallet i kommunestyret dagen etter.

## Vilje

Geir Helge Østerbø (SP) talar varmt for å oppretthalde sjukeheimen. Han meiner det er enkelt å finne dekking i budsjettet. Det heile er eit spørsmål om vilje, ikkje økonomi.

Reidun Haugnes (SV) er viljug til å lytte til bygdefolket og vil la

argumenta deira telje med når ho skal ta endeleg stilling.

Oddvar Østerbø (H) kan ikkje godta nedlegging og arbeider for å finne budsjettdekking. Det same sa Einar Rysjedal (RV), men han åtvåra mot å gripe til lettvinde løysingar.

– Det er lett å angripe museet i Byporten. Det må vere mindre viktig enn sjukeheimen, men det er og viktig å ta vare på historia vår, sa Rysjedal.

## Spøkelsesby

Styrrar Inger av Geijerstam taler engasjert for sjukeheimen.


– Vi har høyrte at dei skal ha museum og kontor i millionklassen i Høyanger. Det kan vi ikkje godta. Vi kan ikkje ofre ei heil bygd. Lavik kan bli ein spøkelsesby. Vi kan ikkje spele ping-pong

med innbyggarane. Vi er av kjøt og blod, sa Geijerstam.

## Lytt

Prost Geir Sørebø hadde ein svært enkelt bodskap til politikarane: Lytt til dei eldre!

– Vi har plikt til å ta vare på dei eldre anten dei bur i Høyanger, Lavik eller på sørsida. Seier dei at dei ikkje vil bu på sjukeheimen i Lavik, er det greit å legge den ned, men vil dei bu der, må vi respektere viljen deira. Dette er deira siste vilje, deira siste heim her på jord. Vi må lytte meir til dei eldre og mindre til oss som er i vår beste alder. Politikarane har plikt til å ta moralske omsyn til dei eldre, sa Geir Sørebø.



Fleire hundre møtte fram på folkemøtet. Det var så trangt at folk måtte stå i gangar og korridorar.



Varaordførar Ingrid Heggø (midten) gav bygdefolket eit lite håp. Ho møtte saman med Arve Varden (t.v.) og Ingebjørn Gull (t.h.).